|Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.05.2026
Vår ref.: 202423011-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Høyring av søknad om regulering og uttak av vatn frå Ravatn til reservevassforsyning og kraftverk - Stord kommune i Vestland

NVE har fått ein søknad frå Stord kommune om løyve etter vassressurslova til uttak av vatn frå Ravatnet til drikkevassforsyning og kraftverk. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist **05.08.2026.**

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Stord vatn og avløp AS, dagsett 06.03.2026, om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Ravatn til reservevassforsyning og til kraftproduksjon.

Ravatnet skal nyttast som reservevasskjelde. Det er søkt om å ta ut inntil 13 000 m^3/døgn med vatn frå Ravatnet. Reguleringa er planlagd ved senking frå ein normal vasstand på kote 344 til kote 334. Dammen i Ravatnet, som i si tid vart bygd til kraftproduksjon, skal nyttast i samband med uttak av vatn til vassforsyninga.

Det skal byggjast nytt vasshandsamingsanlegg, høgdebasseng og kraftstasjonsbygg på Lodda. Dette skal gjerast ved å etablere nytt inntak i Ravatnet og overføringsleidning mellom Ravatnet og Lodda og oppgradering av eksisterande vassleidningsnett i Vatnadalen mellom Vatnadalsvegen og Lodda. Ravatnet har over tid vore nytta som reservevasskjelde for kommunen med bekkeinntak nedstraums Ravatnet. Planen er å etablere djupvassinntak på om lag 30 meter djupne for å sikre betre råvasskvalitet og å etablere eit magasin med nedtapping av vatnet for å auke kapasiteten til resvervevasskjelda. Ravatnet har tidlegare vore nytta til kraftproduksjon og det er den eksisterande dammen som skal nyttast til regulering av Ravatnet som reservevasskjelde. Når det ikkje er trong for vatn til drikkevatn, ynskjer søkjar å nytte overløp frå Ravatnet til kraftproduksjon. Det vert planlagt to turbinar som begge er plassert i samband med nytt anlegg for vasshandsaming på Lodda ved kote 125. Det eine vil nytte fallet frå Ravatnet på 220 meter, det andre vil nytte fallet mellom høgdebassenget på Lundsæter på kote 175 til Lodda, ei høgdeskilnad på 50 meter. Dette vil til saman gje 1,8 GWh ny fornybar kraft. Delar av røyrgata ligg alt klar og den skal leggjast ved skogsveg, kommunal veg og langs «Gardastien».

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE skal i konsesjonshandsaminga vurdere fordelar og ulemper med tanke på ålmenne interesser frå reguleringa av Ravatnet og ned til og med kraftstasjons- og vassverkbygget på Lodda. NVE skal òg vurdere nye tiltak i samband med tiltaka, som framføring av nye veger eller opprusting av eksisterande veger, inntak og plassering av vassveg.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9558/v. Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Sidan minikraftverket er planlagt i kombinasjon med annan konsesjonspliktig utnytting, er det NVE som er forvaltningsmynde for konsesjonshandsaminga jf. «*Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker*» § 1, pkt. e.

Informasjon om sakshandsaminga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/konsesjon-til-vassdragstiltak/

Kva ynskjer vi fråsegn om?

NVE ynskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ynskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ynskjer òg grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gjev tilstrekkeleg med opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan sendast inn på éin av fylgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9558/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn 202423011» i emnefeltet, og gje opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn 202423011», og gje opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **05.08.2026.**

Fråsegna eller delar av fråsegna vil verte refererte i saka. Er fråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Til kommunen

Vi ber Stord kommune og Stord vatn og avløp AS om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Ingvild Marie Dybwad
seniorrådgiver

Svein Arne Vågane
senioringeniør

Dokumentet er sendt utan underskrifter. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Mottakarliste:

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
STORD KOMMUNE
Norges Miljøvernforbund
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
STORD VATN OG AVLØP AS

Kopimottakarliste:

COWI AS AVD KRISTIANSAND - Bjarne Tufte
Arnstein Hetlesæter
STORD KOMMUNALE EIGEDOM - ARNE BJELLAND